



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 30.10.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø	Gunnar Strøm	MDG
Erlend Krumsvik	Margrete Bjerkvik	KRF
Arild Iversen	Anders Egil Straume	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Malene Rovde	Einingsleiar for stab og tildeling OS 150/18
Marianne Solheim	Fagleiar busetjing og kvalifisering av flyktingar OS 150/18
Anne Marte Ådneram	Bustadkoordinator tildelingskontoret OS 150/18
Gro N. Tødenes	Sakshandsamar barnevern OS 150/18
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef PS 158/18
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef OS 151/18
Håvard Strand	Fagkonsulent skule OS 151/18
Steinar Ose-Velle	Barn og unge sin repr. i plansaker OS 151/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 156/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 157/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 150/18	Bustadsosial problemstilling inkl. butilhøve Smalebakken (Røyslida)
OS 151/18	Barnehagestruktur i Volda sentrum
PS 158/18	Uttale frå Volda kommune. Høyring av søknad om driftskonsesjon for Grefsneset, gbr. 31/1
PS 159/18	Prosjektmidlar - Volda Campus Arena
PS 160/18	Søre Sunnmøre Tingrett – Domstolgrenser
PS 161/18	Fellesfyrverkeri - søknad om pengestøtte og hjelp til arrangementet Fellesfyrverkeri i Volda
PS 162/18	Møteplan for politiske møte 2019
PS 163/18	Oppretting av ny fastlegeheimel, Volda kommune
PS 164/18	Orienteringssaker
OS 153/18	Ørsta kommune - Kommunedelplan (sektor / tematisk) for Melding om oppstart / høyring av planprogram
OS 154/18	Sunnmøre Regionråd - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 3-2018
OS 155/18	Ber om tilskot for nytt osteoporoseapparat ved Volda sjukehus
OS 156/18	Tussa - Tertialrapport 2. kvartal 2018
OS 159/18	Partnerskapsmøte NAV
PS 165/18	Skiltplan Volda sentrum
OS 157/18	Førespurnad om deltaking i interkommunalt plansamarbeid - reiseliv og turisme



VOLDA KOMMUNE

OS 158/18 **Dagsorden for møtet om interkommunalt samarbeid om reiseliv og turisme samt notat til formannskap**

PS 156/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste

Ordføreren informerte om at orienteringssak OS 152/18 *Status, strategi og framdrift for legevaktsamarbeid*, vert utsett.

Ordføreren kom med påminning om Arena Sunnmøre 2018, som vert arrangert torsdag 22. november.

Odd Harald Sundal bad om ein kommentar frå rådmannen vedk. partnerskapsmøte med NAV.

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om status for hovudreinseanlegg for Volda sentrum og når saka vert lagt fram for politisk handsaming. Rådmannen vil ta saka opp internt i administrasjonen.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om vidare prosess for skiltplanen i Volda sentrum.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg og endring frå ordføreren, Odd Harald Sundal, Dan Helge Bjørneset og Odd A. Folkestad, vart samrøystes godkjent.

PS 157/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 16.10.2018, vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

OS 150/18 Bustadsosial problemstilling inkl. butilhøve Smalebakken (Røyslida)

Einingsleiar for stab og tildeling Malene Rovde, bustadkoordinator tildelingskontoret Anne Marte Ådneram, fagleiar busetjing og kvalifisering av flyktingar Marianne Solheim og Gro Norstrand Tødenes frå barnevernstenesta, orienterte og svara på spørsmål om bustadsosiale problemstillingar og butilhøve i kommunale bustader Smalebakken (Røyslida).

OS 151/18 Barnehagestruktur i Volda sentrum

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik og fagkonsulent Håvard Strand orienterte om saka, som er under handsaming i tenesteutval for oppvekst og kultur.

Barn og unge sin representant i plansaker, Steinar Ose Velle møte.

PS 158/18 Uttale frå Volda kommune. Høyring av søknad om driftskonsesjon for Grefsnese, gbr. 31/1

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune stiller seg positive til at det vert gjeve driftskonsesjon for Grefsnese. Kommunen ber Direktoratet for mineralforvaltning om at det vert stilt vilkår i konsesjonen som avgrensar konsesjonstida til 15 år frå når konsesjon vert gjeve, inkludert avslutning, opprydding og tilstelling.

Det bør også setjast vilkår om:

- *Sikring og tildekking av fjellskjeringar.*
- *Økonomisk garanti for opprydding og sikring.*
- *Godkjend reguleringsplan for området må liggje føre.*

Handsaming:

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden møte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 30.10.2018:

Volda kommune stiller seg positive til at det vert gjeve driftskonsesjon for Grefsnese. Kommunen ber Direktoratet for mineralforvaltning om at det vert stilt vilkår i konsesjonen som avgrensar konsesjonstida til 15 år frå når konsesjon vert gjeve, inkludert avslutning, opprydding og tilstelling.

Det bør også setjast vilkår om:

- *Sikring og tildekking av fjellskjeringar.*
- *Økonomisk garanti for opprydding og sikring.*



VOLDA KOMMUNE

- **Godkjend reguleringsplan for området må liggje føre.**

PS 159/18 Prosjektmidlar - Volda Campus Arena

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 1.944.000,- i samband med gjennomføring av anbudsarbeidet for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Vedtaket om midlane knytt til prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing, om lag kr. 1.560.000,-, vert gjort på vilkår av at kommunen oppnår tilfredsstillande avtalar og endeleg vedtak om igangsetjing.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj 801750 som vert tilført tilsvarande sum frå disposisjonsfondet.

Handsaming:

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet (sju røyteføre):

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Eivind Festø tok sete.

Røysting (åtte røyteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 1.944.000,- i samband med gjennomføring av anbudsarbeidet for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Vedtaket om midlane knytt til prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing, om lag kr. 1.560.000,-, vert gjort på vilkår av at kommunen oppnår tilfredsstillande avtalar og endeleg vedtak om igangsetjing.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj 801750 som vert tilført tilsvarande sum frå disposisjonsfondet.



Erlend Krumsvik tok sete.

PS 160/18 Søre Sunnmøre Tingrett - Domstolgrenser

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga under og krev;

- 1. Nei til raskare avklaring av ny domstolsstruktur. Kommisjonen skal fylgje det vedteke mandatet og framdriftsplan og legge fram ein samla NOU i august 2020.*
- 2. Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
- 3. Ny domstolsstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*
- 4. Eventuelle samanslåingar eller felles leiing av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*

Handsaming:

Arild Iversen kom med slikt framlegg:

- 1. Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskundar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at kommisjonen skal fylgje det vedteke mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.*
- 2. Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.*
- 3. Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreiding av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretakast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.*
- 4. Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:*
 - a. God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.*
 - b. Utgangspunkt for eit juridisk kompetansmiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen*
 - c. Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad*
 - d. Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.*
- 5. Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparing. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.*
- 6. Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
- 7. Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*



VOLDA KOMMUNE

- 8. Eventuelle samanslåingar eller felles leiing av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Arild Iversen. Framlegget frå Arild Iversen vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskandar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at kommisjonen skal fylgje det vedtekne mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.*
- 2. Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.*
- 3. Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreining av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretaast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.*
- 4. Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:
 - a. God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.*
 - b. Utgangspunkt for eit juridisk kompetansmiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen*
 - c. Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad*
 - d. Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.**
- 5. Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparing. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.*
- 6. Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
- 7. Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*
- 8. Eventuelle samanslåingar eller felles leiing av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*



VOLDA KOMMUNE

PS 161/18 Fellesfyrverkeri - søknad om pengestøtte og hjelp til arrangementet Fellesfyrverkeri i Volda

Administrasjonen si tilråding:

Det er ikkje avsett midlar til denne type tiltak i budsjettet for 2018. Søknaden vert difor avslått.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 30.10.2018:

Det er ikkje avsett midlar til denne type tiltak i budsjettet for 2018. Søknaden vert difor avslått.

PS 162/18 Møteplan for politiske møte 2019

Administrasjonen si tilråding:

- Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:*

	Formannskap	Kommunestyre	Forvaltningsutvalet	Tenesteutv. oppvekst og kultur	Tenesteutv. helse og omsorg	Eldreråd	FUNK
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				18	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
September	11 (valstyre), 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
November	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10	12 (nye),					



VOLDA KOMMUNE

	(gamle)	19 (gamle)					
--	---------	---------------	--	--	--	--	--

2. Utvala har følgjande møtestart:

- Formannskapet kl. 12.00
- Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)
- Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00
- Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00
- Forvaltningsutvalet kl. 13.00
- Eldrerådet kl. 10.15
- Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:

1. Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:

	Formann- skap	Kommune- styre	Forvaltn- ingsutvalet	Tenesteutv. oppvekst og kultur	Tenesteutv. helse og omsorg	Eldreråd	FUNK
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				18	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
September	11 (valstyre), 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
November	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					



VOLDA KOMMUNE

2. Utvala har følgjande møtestart:

- **Formannskapet kl. 12.00**
- **Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)**
- **Tenesteval for helse- og omsorg kl. 13.00**
- **Tenesteval for oppvekst og kultur kl. 13.00**
- **Forvaltningsutvalet kl. 13.00**
- **Eldrerådet kl. 10.15**
- **Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00**

PS 163/18 Oppretting av ny fastlegeheimel, Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret opprettar ein ny fastlegeheimel i Volda kommune, hausten 2018.*
2. *Dei økonomiske konsekvensane av tiltaket vert å innarbeide i budsjettet for 2019.*
3. *Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ein plan for legetenesten i NyeVolda i løpet av 2019.*
4. *Kommunestyret er innforstått med behovet for å gjennomføre utbygging av legesenteret, og at dette blir prioritert og iverksett/ferdigstilt 2019-2020 ref. sak 2015/1791, pkt 4. og 5.*

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret opprettar ein ny fastlegeheimel i Volda kommune, hausten 2018.*
2. *Dei økonomiske konsekvensane av tiltaket vert å innarbeide i budsjettet for 2019.*
3. *Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ein plan for legetenesten i NyeVolda i løpet av 2019.*
4. *Kommunestyret er innforstått med behovet for å gjennomføre utbygging av legesenteret, og at dette blir prioritert og iverksett/ferdigstilt 2019-2020 ref. sak 2015/1791, pkt 4. og 5.*



VOLDA KOMMUNE

PS 164/18 Orienteringssaker

OS 153/18 Ørsta kommune - Kommunedelplan (sektor / tematisk) for Melding om oppstart / høyring av planprogram

OS 154/18 Sunnmøre Regionråd - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 3-2018

OS 155/18 Ber om tilskot for nytt osteoporoseapparat ved Volda sjukehus

Formannskapet vil få saka til handsaming som ei politisk sak.

OS 156/18 Tussa - Tertialrapport 2. kvartal 2018

OS 159/18 Partnerskapsmøte NAV

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om endra praksis kring partnerskapsmøte med NAV. Rådmannen informerte om ny vertskommuneavtale, der det går fram at vertskommunen skal ha dialogen med fylkeskommunen. Volda kommune vil ha samarbeidsmøte med vertskommunen Ørsta.

PS 165/18 Skiltplan Volda sentrum

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om status og vidare prosess for skiltplan i Volda sentrum.

Formannskapet drøfta saka og var samde om at formannskapet gir ordføraren fullmakt til å formulere vedtak i saka.

Vedtak i formannskapet - 30.10.2018:

Formannskapet viser til arbeidet med rask endring av skilting av innkøyring til sentrum etter forslag frå Volda Næringsforum og er tilfreds med prioriteringa av dette. Formannskapet ber Forvaltningsutvalet og administrasjonen prioriterer arbeidet med skiltplan for heile Volda sentrum sett i lys av endringar i vegsystemet, betalingsparkering ved HVO og næringsstruktur.



VOLDA KOMMUNE

OS 157/18 Førespurnad om deltaking i interkommunalt plansamarbeid - reiseliv og turisme

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om habilitet, han er tilsett i Sunnmøre kulturnæringshage og har skrive saka, jf. kl. § 40 og fvl. § 6, 1.ledd, a. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Sunnmøre kulturnæringshage, jf. kl. § 40 og fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Det var sju røysteføre under handsaminga av saka.

Ordføraren orienterte om saka.

OS 158/18 Dagsorden for møtet om interkommunalt samarbeid om reiseliv og turisme samt notat til formannskap

Møte slutt kl. 15:55

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
31.10.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent